



Det var eit anstendig besøk, men kor var uskedelingane?

Ikveld har Dønhaugkjedlaren hatt vitjing av ein jazzkvartett på eit svært høgt musikalsk nivå - Christina Dahls kvartett. Det var Husnes Jazklubb som nok ein gong nytta kjellaren fordi dei ikkje har noko så godt eigna lokale for eit slikt føremål. Den danske kvartetten serverte berre eigenproduserte låtar og ein av dei var inspirert av natergalen til H.C. Andersen, opplyste Christina. Men vi tykkjer for vår del at alle var inspirert av eventyrfuglen!



Gitarist Niklas Knudsen

Jazzklubben hadde gjort eit kupp som endeleg fekk engasjert danskane medan dei var på ein miniturne på Vestlandet. Dei hadde Bergen og Haugesund som konsertstader utanom Uskedalen og kom til oss direkte frå konserten i Haugesund.



Bassist Jesper Lundgaard

Musikarane fortalde uskedalen.no at dei er ofte i Noreg og alltid vert godt mottekne her, ikkje minst på Vestlandet. Alle 4 bur i København og Christina er den drivande kraft med ein tone så stor at ein berre må gje seg over. Kor hentar den spinkle skikkelsen tonane frå?



Trommis Esben Laub von Lilienskjold

Dei 3 ho har med seg ligg ikkje langt etter, men vi vart særleg svake for trommis Esben laub von Lilienskjold som ligg på eit svært høgt teknisk nivå sjølv om han framleis er ein ung mann. Bassisten Torger Lundgaard har ein internasjonal posisjon og gitarist Niklas Knudsen imponerar særleg med sin lyriske undertone. Som heilheit imponerer kvartetten ikkje minst med dynamikk og presisjon. Mottakinga var god også her ettersom det var 52 betalande, men nok ein gong er det grunn til å etterlysa uskedelingane som rett og slett glimra med sitt fráver.

Er vi bortskjemte og blaserte?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Christina Dahl har ein stor tone